

Møtebok 7 i Lykling sokneråd 23/9 - 20

Dag: Ons 23.09.20

Tid: kl 17:30

Stad: Lykling kyrkje

Desse møtte:

Fridleif Lydersen, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide, Einar Larsen som vara for Sissel S. Gåsland

1.vara:

Arne Thorsen

Møtte ikkje: Sissel Gåsland meldte fråfall.

Vert: Inger

Saksliste:

Sak 58-20 Godkjenning av referat og innkalling.

Merknad til referatet: Inger Johanne Sele sitt namn mangla under frammøtte.

Sak 59-20 Meldingar og skriv

Mail frå Trygve Leigland med informasjon om rutinar, oppgåver og ansvar i forhold til reinhald i kyrkjene under koronaen.

Det vart opplyst om oppgåvene for kyrkjevertane. Fridleif Lydersen informerer kyrkjevertar om reinhald av inventar etter gudstenesta, dersom det skal vera eiga dåpsgudsteneste etterpå.

Mail frå Trygve Leigland angående utskifting av lys i koret. Han ber om at me tek stilling til type lys, og legg fram 3 alternativ.

Soknerådet ber om at Trygve kjem til kyrkja for å sjå på og gjera ei vurdering av lystilhøva i koret, saman med Fridleif og ein elektrikar. Inger sendre mail til Trygve om dette.

Mail frå Aksel Lygre kor han informerer om mellom anna oppseiing av misjonsavtalen med NMS, invitasjon frå NMS Gjenbruk på Bremnes, nytt styre for Estlandkomiteen.

Soknerådet vert informert om innhaldet i mailen.

Melding frå Fridleif Lydersen om datoar for temakveldar våren 2021.

Soknerådet noterer seg 28.01., 18.02, og 25.03. Øystein L. Olafsen vert med på temakvelden 28.01. Tema vert då kyrkjemusikk.

Takk til Linda S. Gunnarsjaa for ferdigstilling av kyrkjevertlista for hausten 2020.

Sak 60-20 Den lokale liturgiske grunnordninga v/ Fridleif Lydersen

Me førebur til soknemøtet **01.10.20 kl 18:00** Sjå vedlegg!

I det første arbeidet m/ny reform av liturgien, vart det gitt vide rammer for lokal grunnordning i kyrkjemøtet. Dette gav for store forskjellar i landets kyrkjer. Derfor ei ny revidering kor rammene er stramma inn. Soknerådet drøfta framlegget til vedtak av den lokale liturgiske grunnordninga. Nokre punkt vart grundig drøfta, mellom anna punkt 1. Punkt 12. Vin og brød vert sett fram på alteret. Soknerådet strauk alternativet. Punkt 14. Soknerådet vel å ta vekk handhelsing. Framlegget til den lokale liturgiske grunnordninga vart etter dette vedteke av soknerådet.

På soknemøtet 01.10.20 vert den lokale liturgiske grunnordninga presentert av Fridleif Lydersen og Øystein L. Olafsen. Leiaren for Lykling sokneråd ønsker velkommen til soknemøtet.

Sak 61-20 Temakveld i Lykling kyrkje 01.10.20 kl 19:00

Tema: Salmekveld m/ønsker i frå kyrkjelyden - ønskekonert!

Planlegging av kvelden. Rammer; opning og avslutning. Tidsaspektet, kor lenge held me på? Nokon som leier salmekvelden? Innslag midt i som t.d. eit dikt, eit bibelord...? Skal me ha forhåndsvalgte salmar frå soknerådet, dersom lavt engasjement frå kyrkjelyden, eller få frammøtte? Andre ting å tenkja på?

Fridleif Lydersen leiar temakvelden saman med Øystein L. Olafsen. Soknerådsmedlemma har kvar sine salmeønske. Astri L. Sakseide vart oppfordra til å ta med ein av sine eigne salmar.

Sak 62-20 Invitasjon frå prosten til prostidag 15.10.20, m.m

Prostidag 15.10. i Nysæter kyrkje på Stord

Kandidatar til frivilligprisen, frist 30.11.20

Offer til prostirådet

Soknerådet fekk informasjon om prostidagen. Medlemmane melder i frå på Messengergruppa, dersom nokre vil og kan delt. Siste frist 08.10.20. Inger Johanne Sele sender ei samla påmelding innan 09.10.20.

Medlemmane i soknerådet tenkjer over kven ein kan foreslå som kandidatar til frivilligprisen til neste møte 28.10.20.

Sak 63-20 Konfirmantane 2020

Konfirmasjonsgudsteneste i Bremnes kyrkje 27.09.20. Ein har oversikt og kontroll på kyrkjevertar og personale frå Lykling kyrkje!

Angående kappene for konfirmantane: Inga fast ordning for reinhald og stell av desse. Etter konfirmasjonen hausten 2020, tek leiaren seg av desse, vaskar og syr fast lause knappar. Seinare tek soknerådet tema opp til drøfting for å finna ei fast ordning.

Angående knaggar på veggen oppe i gangen: Ein treng knaggar for å kunne henga frå seg kappene under prøving. Fridleif Lydersen kjøper inn og sender rekning til kasseraren.

Sak 64-20 Ymse

*Minner om neste visjonsmøte 19.10.20 kl 19:00. Blir Øystein og Liv Merete med oss då?

Det passa ikkje for Øystein L. Olafsen og Liv Merete Fylkesnes å vera med på neste visjonsmøte.

Det var gjort vedtak om å vera med på «Krafttak for misjon» på soknerådsmøte 03.06.20. Soknerådet vedtok å senda 5000kr til NMS.

Anita Nesse har strikka 3 par sokkar til vaksne, som soknerådet vil ha til hjelparane våre i dykkarklubben. Ho kjøpte inn tråd, men var usikker på kor mykje ho ville ha for tråd og jobb. Soknerådet gjorde vedtak om å gi 600kr for arbeidet.

Arne Thorsen søker soknerådet om fritak frå sitt verv som 1.vara. Soknerådet har innvilga søknaden. Fridlef Lydersen avklarar med kyrkjevergen Trygve Leigland vegen vidare med omsyn til ny vara.

*Vertinne / vert til neste visjonsmøte 19.10? Til neste soknerådsmøte 28.10?

Fridleif Lydersen er vert på visjonsmøtet 19.10.

Linda S. Gunnarsjaa er vertinne på neste soknerådsmøte 28.10.

Neste soknerådsmøte onsdag 28.10.20 kl 17:30.

Referent

Inger Johanne Sele